



Vestfold
og Telemark
revisjon

Risikovurdering 2024

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kviteseid kommune

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1.	Bakgrunn	4
1.2.	Metode – grunnlag for risikovurderinga	4
1.3.	Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	5
2.	Gjennomførte revisjonar	5
3.	Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	7
4.	Om Kviteseid kommune	8
4.1.	Demografi	8
4.2.	Kommunen si organisering	8
4.3.	Økonomi	8
5.	Fellestenester, Personal og tverrgåande tema	9
5.1.	Internkontroll	9
5.2.	Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær	10
5.3.	Budsjettering og rapportering	11
5.4.	Saksutgreiing og gjennomføring av politiske vedtak	11
5.5.	Berekraft, klima og miljø	11
5.6.	Beredskap	13
5.7.	Etikk, varsling, habilitet	13
5.8.	Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn	14
5.9.	Informasjonstryggleik og personvern	15
5.10.	Innkjøp	15
5.11.	Næringsarbeid	16
5.12.	Landbruk og skogforvaltning	16
5.13.	Plan- og byggesakshandsaming	17
5.14.	Flyktingtenesta	17
5.15.	NAV Vest-Telemark – sosiale tenester	18
5.16.	Samhandling – førebygging - utanforskap	19
6.	Kommunalområde Velferd	19
6.1.	Helse- og omsorgstenester	19
6.2.	Barnehage og grunnskule	21
6.3.	Barneverntenesta	22
6.4.	Pedagogisk psykologisk teneste	24
6.5.	Kulturskule og bibliotek	24
7.	Kommunalområde Tekniske tenester	25

7.1.	Vatn og avløp	25
7.2.	Kommunale vegar	25
7.3.	Eigedomsforvalting	26
7.4.	Renovasjon og brannvern	26
8.	Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	28
8.1.	Eigarskapskontroll	28
8.2.	Forvaltningsrevisjon i selskap	29
	Vedlegg 1: Oversikt over selskap	31
	Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt	34

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Kontrollutvalet skal lage planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og skal sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen.

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Formålet er læring, forbetring og kontroll. Undersøkingane kan rettast mot kommunen og mot kommunen sine selskap. Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og aksepterte prinsipp for god eigarstyring. Kontrollen skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, og kan kombinerast med forvaltningsrevisjon av selskap. Sjå meir om eigarskapskontroll i kapittel 8.

Plan for forvaltningsrevisjon skal vise på kva område kommunen planlegg å ha forvaltningsrevisjon. Planen skal dekke både kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for eigarskapskontroll skal vise kva for eigarskapskontrollar kommunen planlegg å ha.

Kommunestyret sjølv skal vedta planane, og kan gi kontrollutvalet mynde til å endre og/eller fråvike planane. Vedtatt plan gjeld til ny plan er vedtatt.

Planane skal bygge på vurderingar av kvar det er vesentleg risiko ved verksemda i kommunen, kommunen si eigarstyring, og ved verksemda i kommunen sine selskap. Vestfold og Telemark revisjon IKS (VTR) har fått i oppdrag å utarbeide ei slik vurdering for Kviteseid kommune, jf. Kontrollutvalssaker 11/23, 12/23 og 7/24.

1.2. Metode – grunnlag for risikovurderinga

Vi byggjer vi på følgjande kunnskapsgrunnlag og informasjon:

- ibuande risiko ved kommunen sine ansvarsområde og eigarskap
- nøkkeltal frå KOSTRA og annan statistikk
- informasjon i årsmelding, budsjett og økonomiplan
- samtale med kommunedirektør og ordførar
- innspel frå administrasjon, tillitsvalde og sentrale politikarar
- innspel og synspunkt frå kontrollutvalet
- forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar dei siste åra
- gjennomførte og planlagde tilsyn frå statlege organ

Risikovurderinga er gjort med små ressursar. Dersom kommunen vel å prioritere eit av dei store tenestemråda for forvaltningsrevisjon, foreslår vi difor at det blir gjort ei nærare vurdering av risiko og val av vinkling i samband med bestillinga.

Innspel til forvaltningsrevisjonar og/eller eigarskapskontrollar

Avtroppande kontrollutval bad i sak 12/23 om at Vest-Telemark PPT vart tatt med i vurderinga av plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i den komande perioden.

Noverande kontrollutval har bedt om at Kvito AS blir vurdert, jf. sak 7/24.

Innspel frå kommunedirektør og ordførar

Frå ordførar har vi fått innspel knytt til eigarstyring av selskap. Kommunedirektør peikar på at det vil vere nyttig med forvaltningsrevisjon mellom anna av internkontroll, etikk, habilitet og varsling, informasjonstryggleik og grunnskule.

Innspel frå administrasjon, tillitsvalde og sentrale politikarar

Vi har sendt ut førespurnad om innspel til 11 kommunalsjefar, tillitsvalde og sentrale politikarar. Vi har fått innspel frå ein tillitsvald og ein gruppeleiar. Desse har gitt fleire innspel, og dei har samanfallande vurdering når det gjeld risiko knytt til bemanning og velferdsteknologi innan helse og omsorg.

1.3. Avtale om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kommunen si revisjonsordning er regulert i selskapsavtalen for VTR IKS. Omfanget av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll går fram av oppdragsbrevet og det årlege budsjettbrevet frå VTR.

VTR kan levere anslagsvis to rapportar om forvaltningsrevisjon og ein rapport om eigarskapskontroll til Kviteseid kommune, fordelt over fire år, avhengig av tema og innretning på undersøkingane. Dersom kommunen ynskjer det, kan det kjøpast fleire eller meir omfattande forvaltningsrevisjonar eller eigarskapskontrollar enn det som i utgangspunktet er avtalt.

2. Gjennomførte revisjonar

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar 2016-2023¹

Tema	År
Arkiv og dokumenthandtering	2016
Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark - sjølvkost på feietenester	2017

¹ Dei to siste valperiodane.

Risikovurdering og handtering av avvik	2018
Renovasjon og feiing – sjølvkost og gebyr (felles Vest-Telemark)	2019
Eigedomsforvaltning	2021
Innkjøp	2023

Det har ikkje vore eigarskapskontroll i Kviteseid i den siste valperioden.

Forenkla etterlevingskontroll 2020-23²

Revisor gjennomfører kvart år ein forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning.³ Etterlevingskontrollen blir gjort med små ressursar, og gir moderat tryggleik for funna. Ein forenkla etterlevingskontroll vil kunne avdekke eller avkrefte behov for forvaltningsrevisjon. I Kviteseid kommune har revisor kontrollert følgjande tema, alle med avvik:

- 2019: Anskaffingar
- 2020: Sjølvkost (plan- og byggesakshandsaming)
- 2021: Interne rutinar økonomi/budsjett
- 2022: Etterberekning av betaling for opphald i institusjon
- 2023: Attestasjon og tilvising (planlagt)

² Forenkla etterlevingskontroll vart innført ved kommunelova av 2018, og vart gjennomført første gong i 2020 for 2019.

³ Jf. kommunelova § 24-9

3. Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Tabellen viser kvar vi, basert på risikovurderinga, meiner det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Opplistinga er kronologisk.

Tema	Vinkling/Kommentar	Kap
Internkontroll	Overordna – rutinar og tiltak for å sikre grunnleggande element i internkontrollen. Retta mot heile organisasjonen.	5.1
Etikk, varsling og habilitet	Etiske retningsliner, arbeid med etisk refleksjon, varslingsrutinar, rutinar og tiltak for å sikre habilitet.	5.5
Informasjonstryggleik - personopplysningar	Tilgangar, krav knytt til handtering av personopplysningar i kommunen.	5.8
Helse- og omsorgstenester	Det har ikkje vore tilsyn eller forvaltningsrevisjon av desse tenestene dei siste åra. Aktuelle tema er ressursbruk, tenestenivå, bemanning, kvalitet. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	6.1
Grunnskule - PPT	Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon dei siste periodane. Aktuelle tema er tidleg innsats, ressursbruk og ressursstyring spesialpedagogisk hjelp. Tema/vinkling bør eventuelt vurderast ved bestilling.	6.2, 6.4
Samhandling – førebygging - utanforskap	Gjennomføring og måloppnåing av felles plan, Vegen mot livsmeistring. Bør gjerast felles for alle kommunane.	5.15 og 6.3
Eigarskapskontroll	Grunnleggjande eigarskapskontroll. Bør kome tidleg i perioden, med sikte på bidra til utarbeiding av eigarskapsmelding i samsvar med kommunelova.	8.1
Kvito AS	Bør eventuelt vere kombinert eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Vinkling i samråd med kontrollutvalet.	8.2

4. Om Kviteseid kommune

4.1. Demografi

I fjerde kvartal 2023 var det 2 458 innbyggjarar i Kviteseid. Det er venta ein svak auke i folketalet fram mot 2030.⁴ Kommunen har høgare del som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet og eiga kommunegruppe, og lågare del av dei yngste. Kommunen har lågare andel innbyggjarar med innvandrarbakgrunn, både samanlikna med snittet i eiga kommunegruppe og med landet.

4.2. Kommunen si organisering

Kviteseid kommune er no organisert i kommunalområde Velferd, med helse- og omsorgstenester, barnehage og grunnskule, og kommunalområde Tekniske tenester, som har uteavdeling og brannvesen. I kommunedirektøren sin stab ligg oppgåver knytt til Næring og kultur, Landbruk, Flykntingtenesta, Bibliotek og barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, og Personal, samt Fellestenestene med økonomi og arkiv. Kommunen har 233 årsverk i 2024.

Samarbeidsordningar

Kviteseid kommune er med i fleire interkommunale samarbeid om kommunale oppgåver. Samarbeida er omtala i rapporten der dei naturleg høyrer til.

Kommunen er også deltakar i selskap/sjølvstendige rettssubjekt. Oversikt over selskapa og vurdering av risiko knytt til eigarskap og selskap står i kapittel 8.

4.3. Økonomi

KOSTRA 2023	Kviteseid kommune	Grppesnitt, kostra-gr 4 ⁵	Landsgj.snitt*
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	5,2%	0,4%	1,0%
Langsiktig gjeld ⁶ i prosent av brutto driftsinntekter	14,8%	45,4%	50,1%
Frie inntekter per innbyggjar	78 903 kr	74 790 kr	68 010 kr
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	6,5 %	10,4 %	13,3%

Tabell 1: Tal frå Kostra pr 18.03.24 * Landet utan Oslo

⁴ Statistisk sentralbyrå – Kommunefakta, november 2023.

⁵ Kostra-gruppe 4 er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, middels bundne kostnader og lave frie disponible inntekter per innbyggjar.

⁶ Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (KOSTRA)

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, ifølgje det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane over tid bør vere på 1,75 % av driftsinntektene. Tabellen viser at driftsresultatet i Kviteseid kommune i 2023 var godt over både det minstenivået som TBU tilrår, gruppesnittet og landssnittet.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kor sårbar kommunen si budsjettbalanse er for ein auke i renta. Rentekostnaden skal dekkast av driftsinntektene. Som vi ser i tabellen, ligg Kviteseid kommune lågt i høve til gruppesnitt og landssnitt. Ein auke i renta vil difor ha mindre påverknad på budsjettet i Kviteseid, enn i kommunane vi samanliknar med.

Kommunen sine frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Frie inntekter per innbyggjar seier noko om kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Kviteseid kommune er i kostra-gruppe 4, der kommunane har lave frie inntekter per innbyggjar. Kviteseid kommune ligg litt høgare enn gruppesnittet og landet.

Fri eigenkapital drift er det som i kommunerekneskapen heiter disposisjonsfond. Dette er midlar som fritt kan nyttast til å dekke utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen, og er eit uttrykk for kor stor økonomisk buffer kommunen har. Tabellen viser at Kviteseid kommune har mindre buffer enn gruppesnittet og landsgjennomsnittet.

5. Fellestenester, Personal og tverrgåande tema

I dette kapittelet skriv vi om tverrgåande tema og oppgåvene som ligg til kommunedirektørens stab, Fellestenestene med økonomi og arkiv, og Personal. I staben ligg oppgåver knytt til Næring og kultur, Landbruk, Flyktningtenesta, Bibliotek og barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark.

5.1. Internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen følgjer lover og forskrifter, jf. kommunelova § 25-1. Det er også krav om internkontroll i nokre særlover, både tverrgåande og for ulike tenesteområde i kommunen, f.eks. i arbeidsmiljølova, personopplysningslova og helse- og omsorgstenestelova. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret minst ein gong i året om internkontrollen.

I delegasjonsreglementet er mynde delegert frå kommunestyret til folkevaldeorgan og til kommunedirektøren. Kommunedirektøren kan delegere vidare i administrasjonen. Kommunen nyttar kvalitetssystemet Compilo, som alle tilsette skal ha tilgang til. Her ligg gjeldande retningsliner, prosedyrar og reglement som gjeld HMS og personal. Det er avviksmodul for HMS,

og arbeidsmiljøutvalet handsama 93 avvik i 2023. Compilo blir også nytta innan helse og omsorg. Det er elles ikkje særskilt omtale av internkontroll i årsmeldinga, og vi har ikkje informasjon om system for internkontroll på andre område i kommunen.

Status for økonomi, budsjett, sjukefråværsoppfølging, tryggleik og beredskap, avviksregistrering har vore tema i leiargruppa.

Det var forvaltningsrevisjon av internkontroll i 2018, der det var tilrådingar om å systematisere arbeidet med internkontroll, sjå til at alle tilsette har høve til å registrere avvik, sikre at avvik blir handtert.

Ordførar meiner at internkontroll er godt ivaretatt no. Kommunedirektør opplyser at det er gjort mykje arbeid og tiltak knytt til internkontroll, men at det vil vere god nytte av ein forvaltningsrevisjon, både for informasjon om status og for å styrke kultur og bevisstgjerings blant tilsette i alle deler av organisasjonen.

Vurdering

Det er gjort mykje med internkontroll i kommunen. Det kan likevel vere risiko for at dette arbeidet ikkje står like sterkt i alle deler av kommunen. Svak internkontroll kan føre til lovbrøt, svak styring og dårleg kvalitet i sakshandsaming og tenesteyting. Ein forvaltningsrevisjon kan seie noko om kvaliteten på internkontrollarbeidet i heile organisasjonen, og kan også bidra til å styrke kultur og gi betre kjennskap til internkontrollen blant tilsette.

5.2. Personell – rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å rekruttere og behalde kompetente medarbeidarar. Viktige oppgåver for kommunen som arbeidsgivar er å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, naudsynt kompetanse, førebygging og redusere sjukefråvær og redusere ufrivillig deltid.

Kommunestyret har vedtatt kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk i juni 2020. Her er dei forventningane til dei ulike rollene omtala: folkevalde, leiarar på alle nivå, medarbeidarar, hovudverneombod, verneombod, hovudtillitsvalde og tillitsvalde. Verksemda i kommunen sitt arbeidsmiljøutval er omtala i årsmeldinga. I handlingsprogrammet til budsjett og økonomiplan for 2024-2027 er det omtale mellom anna av medarbeidarundersøking, leiarutvikling, heiltidskultur og rekruttering.

Sjukefråværet i Kviteseid var på 7,68% i 2022, på nivå med landsgjennomsnittet i kommunane, som var 7,7% i 2022. Kommunen har mål om å få til auka nærvær. Det er ulikt sjukefråvær mellom dei ulike sektorane i kommunen.

Kommunedirektør ventar stor utskifting av tilsette i åra framover mellom anna grunna pensjonsavgang, og ser at det kan vere risiko knytt til rekruttering. Rekruttering, tiltak for å behalde kompetanse og oppfølging av sjukefråvær er spela inn som tema for forvaltningsrevisjon.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som gir særskilt indikasjon på risiko i heile kommunen, men sjukefråvær og rekruttering kan vere aktuelt som del av forvaltningsrevisjon på aktuelt tenesteområde.

5.3. Budsjettering og rapportering

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir varetaken over tid. Kommunen skal utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi og for utviklinga i lokalsamfunnet.

Kommunestyret sjølv skal vedta årsbudsjett og økonomiplan for dei fire åra i valperioden. Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise prioriteringane til kommunestyret og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege. Årsbudsjettet er bindande.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskap og årsmelding seinast seks månader etter slutten av rekneskapsåret. Minst to gonger gjennom året skal kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter, jamført med budsjettet.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er risiko på dette området.

5.4. Saksutgreiing og gjennomføring av politiske vedtak

Saker til folkevalde organ skal vere forsvarleg greidde ut, og vedtak skal gjennomførast utan ugrunna opphald. Kommunelova krev at saksutgreiinga skal gi eit faktisk og rettsleg grunnlag for å gjere vedtak. Kommunedirektøren skal på eigna måte seie frå om faktiske eller rettslege forhold som har sentral betydning for iverksetjinga av vedtaket.

Ordførar meiner at kommunedirektør har god oversikt over gjennomføring av politiske vedtak. Kommunen har ein liten administrasjon med avgrensa ressursar til saksutgreiing, men ordførar er i hovudsak nøgd med kvaliteten på saksutgreiingane.

Vurdering

Prinsippa om forsvarleg saksutgreiing og gjennomføring av politiske vedtak er avgjerande for demokrati, god styring, effektiv forvaltning og rettssikkerheit. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.5. Berekraft, klima og miljø

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling, og det er ei nasjonal forventning om at FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. I dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging

og klimatilpassing står det at kommunane i den overordna planlegginga si skal ha tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Kommunane bør setje ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.

Gjennom naturavtalen⁷ som vart inngått i desember 2022, har Noreg m.a. forplikta seg til at tap av natur skal stoppast og reverserast innan 2030. Kommunesektoren vil få ei sentral rolle i gjennomføringa av denne avtalen.

Figur 1 FNs berekraftsmål



Noreg oppfyller mange av berekraftsmåla, men har utfordringar med å oppfylle mål om *ansvarleg forbruk og produksjon* (mål 12), mål om å *stoppe klimaendringane* (mål 13), og mål om å *vareta livet på land* (mål 14).

Kommunen har fleire roller/oppgåver som er viktige for å nå berekraftsmåla. Kommunen er

- planstyresmakt, sjå også pkt. 8
- innkjøpar av varer og tenester, sjå pkt. 5.8
- eigar og driftar av bygg og infrastruktur, sjå pkt. 8

Det er forventa at krava til berekraftsarbeidet i kommunane vil auke i planperioden.

Kommunen sin samfunnsplan gjeld for perioden 2018-2030. Samfunnsplanen skal reviderast. Berekraftsmåla er ikkje omtala i samfunnsplanen, men handlingsprogrammet og økonomiplanen for 2024-2027 er knytt opp mot berekraftsåla. I planstrategien for 2020-24 er det vist til at berekraftsmåla ligg i dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging.

⁷ Kunming-Montreal Global biodiversity framework
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Kviteseid kommune har vedtatt felles klimaplan for Vest-Telemark og klimabudsjett for perioden 2023 - 2026. Planen er knytt opp mot berekraftsmåla. Her er det fastsett mål og tiltak for kommunane og andre aktørar innan arealforvaltning, jordbruk, skogbruk, transport, sirkulærøkonomi og avfall, enøk og innkjøp. Kviteseid har vore tidleg ute med styrande dokument og rapportering av klimaarbeidet. Kommunen arbeider med å bli Miljøfyrtårn.

Vurdering

På generelt grunnlag kan det vere risiko for at planlagde klimatiltak ikkje vert gjennomførte. Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko for dette i Kviteseid.

5.6. Beredskap

Samfunnstryggleik skal inngå i kommunen si planlegging. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal redusere risiko for at kriser kjem, og skal sørge for at kriser som likevel kjem, blir handtert best mogleg. Kommunane har beredskapsplikt, og skal planlegge beredskapen ut frå ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Statsforvaltar hadde tilsyn med Kviteseid kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap på overordna nivå og innafor helse- og sosialområdet i 2023. Det går fram av tilsynsrapporten at kommunen har oppdatert overordna beredskapsplan, og at det er gjennomført ROS-analyse. ROS-analysen vil legge grunnlaget for ein ny overordna beredskapsplan i 2024. Det vart gitt to avvik ved tilsynet: kommunen mangla beredskapsplan knytt til hendingar innan miljøretta helsevern, og at helse- og sosialberedskapsplanen var ikkje oppdatert.

Vurdering

Statsforvaltar har jamleg tilsyn med beredskapsarbeidet i kommunen. Ut frå siste tilsyn vurderer vi at det ikkje er særskilt risiko knytt til det overordna beredskapsarbeidet i Kviteseid. Beredskap kan eventuelt vere aktuelt som deltema i samband med forvaltningsrevisjon innanfor eit tenestområde. Dette kan best vurderast i samband med bestilling av forvaltningsrevisjon.

5.7. Etikk, varsling, habilitet

Eit av formåla med kommunelova er å bidra til at kommunar er tillitsskapande. I årsmeldinga skal kommunen gjere greie for tiltak som er sett i verk, og tiltak som er planlagt for å sikre ein høg etisk standard.

Habilitet har vore eit aktuelt tema nasjonalt i 2023, og det er gjerne også eit viktig tema lokalt. Det har stor betydning for tilliten til kommunen at habilitetsspørsmål blir handsama på rett måte. Habilitetsreglane skal også bidra til å sikre kommunen gjer rette avgjersler, ved å redusere risikoen for at det blir tatt utanforliggende omsyn.

Arbeidstakarar har rett, og til dels plikt, til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen, jf. arbeidsmiljølova. Varslingsordninga skal bidra til at medarbeidarar torer å seie frå om kritikkverdige forhold. Kommunen som arbeidsgivar skal ha rutinar for mottak og handsaming av varsel. Ein god

ytringskultur blant tilsette og gode rutinar kring varsling, er viktig for lokaldemokrati og tenestekvalitet.

Kommunen har etiske retningslinjer frå 2014. Vi er ikkje kjende med at kommunen har systematiske og konkrete tiltak for å sikre høg etisk standard i organisasjonen.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av etikk og varsling i Kviteseid dei siste to valperiodane.

Både ordførar og kommunedirektør er einige i at dette kan vere eit aktuelt tema.

Vurdering

Kommunen sitt arbeid med etikk, varsling og ytringsklima bør vurderast med jamnemellomrom. Kviteseid har gamle etiske retninglinjer, og etter vår vurdering kan det vere risiko knytt til dette arbeidet. Det er også ein liten kommune, slik at det vil vere føremålstenleg å ta med spørsmål om habilitet.

5.8. Arkiv og dokumentasjon – offentleg innsyn

Arkiv og dokumentasjon

Dokumentasjonen til kommunen er grunnleggande for openheit, demokratisk aktivitet, rettstryggleik, forskning og kulturell verksemd. Ein velfungerande postjournal og arkivordning er sentrale føresetnader for å vareta dette.

Kviteseid kommune har postliste på nett, og har tatt i bruk nytt arkivsystem, saman med Tokke og Vinje. Det går fram av kommunen si årsmelding at nytt system er implementert, og det er eit kontinuerleg arbeid med ulike opplæringstiltak.

Det var forvaltningsrevisjon av journal og arkiv i 2016. Det har ikkje vore tilsyn frå arkivverket dei siste åra, og det er heller ikkje planlagt slikt tilsyn.

Offentleg innsyn

Pressens offentlighetsutvalg og Kommunal Rapport samanliknar kommunane og set opp resultatane i eit barometer. Dei har tre innfallsvinklar: postlistesjekk, spørsmål til kommunane og test av korleis kommunen handsamar innsynskrav. Maksimal poengsum er 26, mens minste poengsum er -15 (det er mogleg å få minuspoeng). Lågaste poengsum ein kommune fekk i 2023 var 0 poeng. Kviteseid kommune fekk 3 poeng. Årsak til lav poengsum er at kommunen ikkje har svara på undersøkinga. Vidare er kvaliteten på kommunen sine nettsider med i vurderinga, og at det tok litt for lang tid før kommunen svara på innsynskrav.

Vurdering

Arkiv og journal er eit viktig område for å sikre dokumentasjon og innsyn, viktige føresetnader for lokaldemokratiet. Det er nokre indikasjonar på risiko knytt til kommunen sin informasjon om eiga verksemd, og det vil alltid vere risiko ved overgang til nye system. Inntrykket er at denne risikoen er handtert.

5.9. Informasjonstryggleik og personvern

Informasjonstryggleik omfattar alle tiltak som skal sikre behandlinga til kommunen av informasjon, både når det gjeld sikring av IT-system, tilrettelegging av prosessar/arbeidsoppgåver, og kompetanse og opplæring hos dei som utfører oppgåvene. Det er vanleg å seie at informasjonstryggleik handlar om å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit.

Ei uønskt hending mot eit eller fleire av systema for kommunen kan få store konsekvensar. Dei siste åra har det vore små og større angrep mot kommunar og andre offentlege verksemder, og mange har ikkje eit forsvarleg tryggningsnivå for å verne informasjonen sin.

Kommunen behandlar personopplysningar om innbyggjarar, tilsette og politikarar. Kommunen pliktar å ha eigna tiltak for å sikre forsvarleg behandling av personopplysningane. Personopplysningane skal vernast mot urettmessig innsyn og endringar, men skal vere tilgjengelege for dei som treng opplysningane, når dei treng dei. Manglande etterleving av personvernreglane kan ramme innbyggjarane i kommunen og tilsette, og kan medføre straffegebyr og tap av omdømme for kommunen.

Kviteseid får IT-tenester frå Vest-Telemark driftssenter KO, eit vertskommunesamarbeid med Vinje som kontorkommune. I 2023 er det bytt ut fiber mellom kommunale bygg i Kviteseid. Driftssenteret hadde ein ekstern gjennomgang av informasjonstryggleiken i 2022, og har innført nye rutinar og verktøy/løysingar etter det. Kommunen er med i regionale samarbeid som driv felles arbeid for å styrke og betre tryggleiken (DigiTV). I grunnskulen implementerer ein Visma sikker sak.

Vi har ikkje informasjon om at kommunen har hatt avvik frå personvernreglane.

Vurdering

Det er generelt aukande risiko knytt til informasjonstryggleik, og informasjonstryggleik og personvern må ivaretakast i alle deler av kommunen. Det vil såleis alltid vere ein viss risiko for svikt. Organisering av IT-verksemda i større einingar og deltaking i regionale samarbeid kan bidra til betre kompetanse og redusert risiko. Sjølv om det var ein gjennomgang av informasjonstryggleiken ved driftssenteret i 2022, kan kommunen ha god nytte av ein gjennomgang av internkontroll, tilgangar og praksis knytt til informasjonstryggleik/personvern ute i kommunen.

5.10. Innkjøp

Reglane om offentlege innkjøp skal bidra til effektiv bruk av ressursane, og at det offentlege opptre med integritet, slik at ålmenta har tillit til at offentlege anskaffingar skjer på ein samfunnstenleg og berekraftig måte. Kommunen skal ha tiltak for å motvirke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motvirke brot på menneskerettane. Frå 1.1.2024 blir kravet om å ta miljøomsyn skjerpa, og hausten 2023 er det foreslått endra reglar om bruk av lærlingar.

Anskaffingar over ein viss verdi skal kunngjerast og gjennomførast i samsvar med regulerte prosessar, og KOFA kan vedta gebyr for ulovlege direktekjøp. Reglane er komplekse og strenge, men gir likevel kommunen stort handlingsrom til å legge til rette for at lokale verksemdar kan delta i konkurransen om oppdrag.

Det var forvaltningsrevisjon av innkjøpsområdet i 2023, med tilrådingar om å vurdere behov for rutinar, prosedyrar og ansvarsavklaringar, sørge for at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket, stille krav til løns- og arbeidsvilkår, sikre at tilsette har nødvendig kompetanse.

Vurdering

Det er grunn til å tru at det framleis er risiko når det gjeld innkjøp. Vi vil likevel ikkje tilrå forvaltningsrevisjon på dette området i denne perioden, då dette har vore eit prioritert område i førre periode, og også når det gjeld forenkla etterlevingskontroll. I staden for forvaltningsrevisjon bør kontrollutvalet vurdere å følgje opp dette tema på andre måtar.

5.11. Næringsarbeid

Kommunen har mål og tiltak for å legge til rette for busetjing, næring og reiseliv. Kommunen sine næringsfond gir støtte til etablering og utvikling av næringsverksemd/arbeidsplassar.

Kommunen har avgrensa tilgang til å gi økonomisk støtte til verksemdar som driv med økonomisk aktivitet. Dette er regulert av reglane om offentleg støtte. Støtteprosesslova krev at kommunen skal etablere forsvarlege rutinar og kontrollere at tildeling av den støtta dei gir skjer i samsvar med reglane, og ha kontroll med om støtta blir nytta til lovleg formål. Faste støtteordningar kan vere omfatta av reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak.

Det var 32 saker om tildeling frå næringsfondet i 2023. Kommunen er omstillingskommune frå 1.1.2024. Det betyr at kommunen får ekstraordinære midlar frå fylkeskommunen over ein periode på inntil seks år. Pengane skal gå til omstillings- og nyskappingsarbeid, og det er vilkår om tett evaluering av og rapportering om dette arbeidet.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området. Dersom det ikkje blir gjort særskilt rapportering/evaluering av omstillingsprosjektet, kan vere grunn til å følgje med på det arbeidet.

5.12. Landbruk og skogforvaltning

Kommunane skal godkjenne nydyrking, deling eller omdisponering av jordbrukseigedom, og skal dessutan følgje opp at driveplikta blir overhalden. Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med jordvern. Det er eit nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av matjord ikkje skal overstige 2000 dekar innan 2030.

Kommunane har oppgåver knytt til saksførebuing og kontroll av ulike tilskotsordningar i landbruket.

Kommunen har også ansvar for å kontrollere at skogbrukslova blir følgd, og kan fastsetje meldeplikt for planar om hogst og tiltak knytt til forynging og stell av skog.

Vidare har kommunane både styresmakt og tilsynsoppgåver etter konsesjonslova i samband med eigarskifte.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.13. Plan- og byggesakshandsaming

Kommunestyret skal sjølv leie den kommunale planlegginga, og vedta kommunal planstrategi, kommuneplanar og reguleringsplanar. Planprosessane skal vere opne og føreseielege.

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Reguleringsplanar angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader, og er bindande for nye eller utviding av eksisterande byggjetiltak.

Kommunen skal handsame søknader om byggjeløyve, og skal handheve lova og eige planverk på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit formålstenleg og oppdatert planverk, gode rutinar og kompetanse bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

Kommunen skal føre tilsyn med at plan- og bygningslova blir etterlevd. Tilsynet skal ha eit slikt omfang at det kan avdekkje lovbrøt.

Kommunen kan finansiere desse oppgåvene gjennom gebyr for saksbehandlinga i samsvar med reglane om sjølvkost.

Kviteseid kommune har interkommunalt plankontor som utfører lovheimla forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppsbehandling for kommunane Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta, og det er såleis kontrollutvalet i Nissedal som har innsynsrett.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.14. Flyktingtenesta

Kommunen har ansvar for å tilby opplæring i norsk og samfunnsfag både til innvandrarak og asylsøkjarak i mottak, og dessutan introduksjonsprogram for innvandrarak 18 – 55 år med opphaldsløyve og som er busett i kommunen etter avtale med integreringsstyresmaktene.

Kviteseid tok imot 35 flyktingar frå Ukraina i 2023, og skal ta imot 35 også i 2024. Ifølgje årsmeldinga for 2023 har det gått fint å busetje flyktingane.

Kommunen har to flyktningskoordinatorar i til saman 1,4 årsverk. Borna går på skule i kommunen, og dei vaksne får språkopplæring i Seljord. Kommunen opplever ikkje kapasitetsutfordringar, bortsett frå når det gjeld barnehageplassar. Flyktningskoordinatoren har relevant morskål, slik at kommunen ikkje treng å nytte tolketeneste i det daglege. Kommunedirektøren meiner at dette ikkje er risiko på dette området.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

5.15. NAV Vest-Telemark – sosiale tenester⁸

Formålet med sosialtenestelova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, under dette at kvar enkelt får høve til å leve og bu sjølvstendig, og framme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Utsette barn og unge og familiane deira skal få eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Kommunen skal ha kunnskap om levekåra til innbyggjarane, finne førebyggjande tiltak og tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte.

For personar med behov for økonomisk sosialhjelp er det viktig å få ei rask tilbakemelding frå kommunen. Lang saksbehandlingstid/mange klagesaker kan indikere risiko ved saksbehandlinga.

Kommunen skal stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til personar under 30 år, med mindre tungtvegande grunnar talar mot det. Kunnskap om og omsyn til barn sin situasjon skal vere med i sakshandsaminga.

NAV Vest-Telemark vart etablert 1.1.2020, og er eit vertskommunesamarbeid for kommunane i Vest-Telemark. Tokke er vertskommune, og kontoret har 26 tilsette på Dalen. NAV-kontoret har ansvar for økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og gjeldsrådgiving. Det er Tokke som er vertskommune for samarbeidet, og det er såleis kontrollutvalet i Tokke som har innsynsrett i denne tenesta.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har auka, både nasjonalt og i Kviteseid. Auke i talet på flyktningar bidreg til å legge press på denne tenesta. Samla kostnader til sosialhjelp var litt lågare i 2023 enn budsjettert.

Statsforvaltar hadde tilsyn med NAV-kontoret på slutten av 2022. Tema for tilsynet var kartlegging og vurdering av barns behov. Kontoret fekk avvik på dette punktet, på same måte som dei fleste kommunane i Noreg. Statsforvaltar hadde elles eit godt inntrykk. Kommunedirektøren er nøgd med samarbeidet om NAV-kontor. Etter tilsyn frå Arbeids- og velferdsetaten skal det setjast i verk tiltak for å betre tryggleiken for tilsette ved dei ulike NAV-kontora. For tida er difor dei lokale kontora

⁸ NAV er omtala her, då det organisatorisk er lagt til Planområde 1 Sentraladministrasjonen Vestfold og Telemark revisjon IKS

stengt. Det er uklart kven som har ansvaret for å gjennomføre oppgraderingane, og når dette skal gjerast, og kommunen ventar på avklaring frå fylkesleiinga i NAV.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko på dette området. Det kan vere risiko knytt til samhandling, førebygging og utanforskap, sjå pkt. 5.16.

5.16. Samhandling – førebygging - utanforskap

I ny barnevernslov fekk kommunen ansvar for å forebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Kommunen skal fremme gode oppvekstvilkår gjennom førebyggande tiltak, slik at omsorgsovertaking eller andre inngripande tiltak seinare i barnet sitt liv blir mindre sannsynleg. Kommunen skal vidare sørge for å samordne tenestetilbodet til barn og familiar. Kommunestyret skal vedta ein plan for dette arbeidet.

Kommunane i Vest-Telemark har vedtatt ein felles plan, Veggen mot livsmeistring, og det er lagt opp til at kvar kommune skal lage ein lokal del av planen, tilpassa eigen kommune. Det førebyggande arbeidet er organisert etter same modell i dei samarbeidande kommunane.

Vurdering

Det kan vere risiko for at samarbeidet mellom tenestene i kommunen og dei interkommunale ordningane ikkje fungerer som ynskt og planlagt. Manglande førebygging kan koste dyrt, både menneskeleg og økonomisk.

Vi har ikkje informasjon som peikar på særskilt risiko her, men ein forvaltningsrevisjon kan gi god informasjon om det førebyggande arbeidet fungerer. Forvaltningsrevisjonen kan eventuelt gjerast for dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

6. Kommunalområde Velferd

Kommunalområdet Velferd har ansvar for både helse- og omsorgstenester, skule og barnehage. Kommunalområdet er organisert slik frå 2023, og kommunen arbeider med å få på plass ein god struktur. Formålet med organiseringa er å få einingane til å jobbe tett og godt saman for å få meir effektiv drift og betre utnytting av ressursane.

6.1. Helse- og omsorgstenester

Kommunen skal ha nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som oppheld seg i kommunen. Tenestene skal vere forsvarlege, det skal vere dokumentert internkontroll, og drifta skal organiserast slik at helsepersonell er i stand til å utføre forsvarlege tenester. Manglande kompetanse og omfattande vikarbruk kan ha betydning både for økonomien og kvaliteten i tilbodet.

Helse og omsorgstenestene spenner frå fødsel til død, frå planlegging, samarbeid og førebygging til utføring av komplekse oppgåver. Det er såleis mange ulike teneste- og risikoområde:

- fastlege, legevakt og akuttberedskap
- helsestasjons- og skulehelseteneste for barn og ungdom, gravide og barsel
- helsetenester i heimen, til dømes heimesjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
- opphald i sjukeheim eller bustad tilrettelagt for heildøgns tenester
- personleg assistanse - hjelp til eigenomsorg, personleg stell og personretta praktisk hjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- dagtilbod til heimebuande med demens
- psykologteneste og tilbod til personar med psykiske lidingar
- helsefremjande og førebyggjande tenester knytt til rus
- koordinering og individuell plan til personar med behov for fleire tenester
- pårørandestøtte
- samhandling med spesialisthelsetenesta – ta imot utskrivingsklare pasientar
- velferdsteknologi
- sakshandsaming – tildeling av tenester

Kviteseid har samhandlingskoordinator i samarbeid med Vest-Telemarkkommunane og Sjukehuset Telemark (STHF). Oppgåva som folkehelsekoordinator ligg til ein av helsesjukepleiarane.

Kommunen sitt tenestekontor har mange oppgåver. Mellom anna handsamar dei søknader om tenester etter helse- og omsorgstenestelova, gjer kartleggingsbesøk, samhandling med sjukehus og er koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Kommunen deltek i velferdsteknologi-prosjekt saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Det har vore fleire overliggarar i 2023 grunna mangel på plassar ved omsorgssenteret.

Kommunen har hatt fleire tiltak knytt til kompetanseutvikling for å sikre forsvarleg sjukepleiedekning og anna naudsynt kompetanse i heimeteneste, teneste for funksjonshemma og omsorgssenter. I 2022 og 2023 har kommunen arbeidd for å betre økonomistyringa. I 2023 var det noko meirforbruk og noko mindreforbruk på dei ulike einingane. Meirforbruk kjem mellom anna overliggarar/kjøp av institusjonsplassar, styrkt bemanning knytt til einskildpasientar, kostnader til vikarlege, legevakt og gjestepasientar i andre kommunar. Kommunen har hatt KS Agenda inne for å bistå med å lage helse- og omsorgsplan, og hadde såleis ein gjennomgang av tenestene i 2022. Kommunedirektør er bekymra for ressurstilgang i høve til framtidig tenestebehov.

Innan omsorg og meistring har det vore høgt sjukefråvær, og vanskelegare å rekruttere. Det går fram av årsmeldinga at fleire må bu lengre heime, og at førebygging og tidleg innsats blir viktig framover. Kommunen har fleire tiltak her, til dømes kompetanseutvikling/kursing og tilbod om førebyggjande heimebesøk til ulike aldersgrupper.

På omsorgssenteret er talet på plassar redusert, og det har vore auke i overliggardøgn på sjukehus og behov for å leige korttids plassar i andre kommunar. Talet på pasientar med demens og behov for skjerming har auka. Alle tilsette har vore på kurs i vald og utfordrande åtferd.

Kommunen har mangla legar i alle tre heimlane i 2023, og har vore drifta ved hjelp av vikarlegar.

I årsmeldinga for 2022 peikar kommunen på auka og meir kompleks pågang knytt til tenester innan rus og psykiatri, både når det gjeld barn/unge og vaksne. Det er peika på utfordringar ved å klare vedtekne innsparingar på området i åra framover. I 2023 er ufrivillig deltid redusert, og ein har tilsett fagansvarleg og ruskonsulent. Kommunedirektøren vurderer at drifta og avdelinga har fungert bra i 2023.

Statsforvaltaren har ikkje hatt tilsyn på dette området dei siste åra. Kviteseid har heller ikkje hatt forvaltningsrevisjon på dette området dei siste to valperiodane.

Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko innanfor helse- og omsorgstenestene, og at det kan vere nyttig å bruke ressursar til forvaltningsrevisjon her. Dette bør likevel vurderast opp mot den gjennomgangen som er gjort av KS Agenda. Dersom forvaltningsrevisjon er aktuelt, vil vi tilrå at ein vurderer tema/vinkling i samband med bestilling. Aktuelle tema kan til dømes vere ressursbruk, tenestenivå, førebyggjande tiltak, kvalitet – internkontroll, bemanning og kompetanse.

6.2. Barnehage og grunnskule

På barnehageområdet skal kommunen mellom anna drifte eigne barnehagar, samordne opptak, godkjenne og føre tilsyn både etter barnehagelova og etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Kommunen skal sjå til at grunnskuleopplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev. Det skal også vere tilbod om skulefritidsordning.

Det er krav til bemanning i barnehagar og skular, både når det gjeld kompetanse og tettleik.

For å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø har barnehagar og skular ei undersøkings- og aktivitetsplikt, og skal vere merksame på om barn kan ha rett på spesialpedagogisk hjelp eller et individuelt tilrettelagt tilbod.

Skule

Kviteseid kommune har to skular og tre barnehagar (Kviteseid skule, Brunkeberg oppvekstsenter med skule og barnehage, Straumsnes barnehage og Kviteseid barnehage). Kommunen brukte meir på skule per innbyggjar enn gjennomsnittet i Kostra-gruppe 4 og landet utanom Oslo både i

2022 og 2023.⁹ Meirforbruk er i hovudsak knytt til vaksenopplæring, som er finansiert av integreringstilskotet. I budsjettet for 2024 er det lagt opp til at Brunkeberg oppvekstsenter blir nedlagt frå hausten 2024. Saka er til handsaming våren 2024.

Vi er ikkje kjende med at det er utarbeida tilstandsrapport for grunnskule i Kviteseid i 2023, men det er rapportert om skule i årsmeldinga. Elevundersøkinga viser at Kviteseid skårar litt under landssnittet på fleire av målepunkta, mens kommunen ligg omtrent på nivå med Kostra-gruppe 4 og landet utan Oslo når det gjeld grunnskulepoeng, meistringsnivå og fråvær. Kviteseid ligg langt over snittet i kommunegruppa og landet utan Oslo når det gjeld elevar som får spesialundervisning.

I 2021 hadde Statsforvaltar tilsyn med skulen og PPT sitt arbeid med spesialundervisning. Statsforvaltar gav fleire pålegg til kommunen når det gjeld sakshandsaming knytt til spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar. Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av skule dei to siste valperiodane.

Barnehage

Alle barnehagane har utfordringar med å få nok tilsette med godkjent utdanning, og har dispensasjonar frå utdanningskravet. Kommunen har dei siste åra hatt tiltak/prosjekt for å auke kompetansen og for å få betre fokus på kosthald og fysisk aktivitet i barnhagane. Det er ikkje gjennomført foreldreundersøking i barnehagane.

I 2022 var det tilsyn med kommunen som barnehagemynde. Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon av skule eller barnehage dei to siste valperiodane.

SFO

Kommunen har mål om eit meir allsidig og variert SFO-tilbod, gjennom å implementere rammeplan og bruke årsplanen aktivt. Ein skal også samarbeide med kulturskulen.

Vurdering

Vi meiner at det kan vere risiko innanfor skule, og at det kan vere nyttig å bruke ressursar til forvaltningsrevisjon her. Eit aktuelt tema kan til dømes vere ressursbruk, tidleg innsats og spesialundervisning. Tema/vinkling for ein eventuell forvaltningsrevisjon bør eventuelt vurderast nærare i samband med kontrollutvalet si bestilling.

6.3. Barneverntenesta

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, og at dei som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

⁹ KOSTRA/SSB

Barneverntenesta skal vareta ei sårbar gruppe som ikkje alltid kan vareta egne behov og ønskjer. Det er derfor særleg viktig at barneverntenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å gjere rette vedtak og ha tilstrekkeleg oppfølging. Krava til kompetanse er styrkte i ny barnevernslov.

Barneverntenesta skal samarbeide med andre relevante tenester, og det tilrådd at det blir inngått samarbeidsavtalar, m.a. med NAV og med psykisk helsevern for barn og unge i helseføretaka.

Kviteseid kommune er vertskommune for barneverntenesta i kommunane i Vest-Telemark. Det er kontrollutvalet i Kviteseid som har innsynsrett i denne tenesta.

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark har totalt 17,2 årsverk fordelt på til 19 tilsette. I kommunen si årsmelding og tilstandsrapport¹⁰ om barnevernet i Vest-Telemark er det er gjort greie for organisering, aktivitet, økonomi og strategi for framtida. Tenesta omorganiserte i 2023, for betre kunnskapsdeling. Barneverntenesta har laga ein felles plan for førebygging for Vest-Telemark, og det førebyggjande arbeidet er organisert på same måte i samarbeidskommunane, sjå også pkt. 5.15.

I tilstandsrapporten for 2022 vurderer barnevernleiar at arbeidet med meldingar, undersøkingar og tiltak fungerer godt. Talet på barn og unge som har fått hjelp av barnevernet i Noreg har gått ned frå 2021 til 2022. Det gjeld også talet på bekymringsmeldingar og andelen av bekymringsmeldingane som går vidare til undersøkingssak. Talet på saker totalt i Vest-Telemark har vore relativt stabilt, men barneverntenesta har fleire krevjande saker og utfordrande omsorgssituasjonar. Kommunen brukar meir på barneverntenester per innbyggjar en snittet i kommunegruppa, både i 2022 og 2023.¹¹

Barnevernet har overtatt statlege oppgåver på fosterheimsområdet, og den statlege refusjonsordninga knytt til utgifter til fosterheimar blei fjerna då reforma trådde i kraft 01.01.2022. Barnevernsleiar er bekymra for dei økonomiske konsekvensane barnevernsreforma vil kunne få for Vest-Telemark, då kommunane gjennom reforma fått eit auka økonomisk ansvar for barnevernet. Analyser tyder på at dei forventa rammeoverføringane frå staten ikkje vil kompensere for dei reelle utgiftene til barnevernet framover. For Kviteseid var det eit meirforbruk i forhold til budsjett i 2023.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som indikerer særskilt risiko knytt til barneverntenesta, bortsett frå at det kan vere lite føreseielege økonomiske utfordringar. Det kan vere noko risiko knytt til forsterka krav til samhandling og førebyggjande arbeid, sjå pkt. 5.15.

¹⁰ Lovkrav om tilstandsrapport frå 2021.

¹¹ KOSTRA/SSB

6.4. Pedagogisk psykologisk teneste

Alle kommunar skal ha ei pedagogisk psykologisk teneste, eventuelt i samarbeid med andre kommunar. Kviteseid er deltakar i og får slike tenester frå Vest-Telemark PPT IKS, som har kontor i Kviteseid. Sjå også omtale i kap. 9.

Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med PPT i 2021/2022. Formålet med tilsynet var å kontrollere om PPT oppfylte krava om å utarbeide sakkunnige vurderingar, og om å hjelpe skulane med å utvikle kompetansen i organisasjonen for betre å legge til rette for elevar med særskilde behov. Statsforvaltar fann fleire regelbrot under tilsynet. Dette gjaldt mellom anna at PPT brukte for lang tid på å utarbeide sakkunnige vurderingar.¹²

Kontrollutvala i dei seks Vest-Telemark-kommunane har bedt om at PPT blir vurdert for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, fordi planlagt eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon i førre periode vart avlyst/utsett. Planlagt tema var kommunane si eigarstyring av selskapet, om selskapet si styring var i samsvar med selskapsreglane, og om kommunane og selskapet hadde gode tiltak for å følgje opp ressursbruk og leveransar frå selskapet til kvar kommune. Det er i ettertid gjort utgreiingar og vurderingar knytt til organisasjonsform mm. Desse spørsmåla skal handsamast i kommunestyra i 2024.

Vurdering

Det kan vere risiko knytt til PPT, men dersom organiseringa av selskapet skal endrast, meiner vi at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon av PPT i si noverande form. Ein forvaltningsrevisjon av PPT må eventuelt vurderast når organisering er avklart, og leggest mot slutten av perioden.

6.5. Kulturskule og bibliotek

I følgje kommunen si årsmelding har det vore 112 elevplassar i bruk ved kulturskulen i Kviteseid. elevar ved kulturskulen i Kviteseid. Kulturskulen har i hovudsak musikktilbod, men også innan dans og kunst. Det har vore sporadisk tilbod i SFO. Dei eldste elevane i skulen har vore prioriterte siste året. Det har også vore tilbod om demenskor, i samarbeid med Seljord.

Det går fram av årsmeldinga at biblioteket var utan tilsette i 8 månader etter tillitsbrot. Det har vore ein nedgang i besøk. Ny biblioteksjef er tilsett frå mai 2023. Ein arbeider med å få oversikt og orden, og omdømmebygging. Boksamlinga er utdatert og lite aktuell. Biblioteket har ikkje oppfylt krava i biblioteklova, og det er sett i verk særskilt rapportering om kva tiltak ein må setje i verk for å få dette på plass i 2024.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko knytt til kulturskulen. Når det gjeld bibliotek er det kjend risiko, men etter vår vurdering er denne handtert.

¹² Vest-Telemark PPT IKS er også omtala i kapittel 9 om eigarskapskontroll.
Vestfold og Telemark revisjon IKS

7. Kommunalområde Tekniske tenester

7.1. Vatn og avløp

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg og sikker vassforsyning i samsvar med drikkevassforskrifta. Avløpshandteringa skal vere i samsvar med forureiningslova. Det er krav om internkontroll, og alle kommunar skal ha beredskapsplanar for drikkevassforsyning.

Nasjonalt er det venta at alderen, utsleppet og klimatiske endringane i VA-nettet vil medføre behov for store investeringar. Manglande investeringar og vedlikehald kan føre til utrygg drikkevassforsyning og fare for forureining. Kommunen har skifta ut 20% av leidningsnettet på vatn og 30% av leidningane på avløp sidan tusenårsskiftet. Utsifting på vatn er lågare enn landsgjennomsnittet og Kostragruppa, medan utsiftinga på avløp er høgare enn snittet.¹³

Investering og drift innanfor vassforsyning og avløp blir gebyrfinansiert i samsvar med reglane for sjølvkost. Store investeringsbehov og høge driftskostnader kan føre til auka gebyr for innbyggjarane. Gebyra i Kviteseid er lågare samanlikna med Kostragruppa og nabokommunane. I budsjettet for 2024 er det lagt opp til at avløpsgebyret aukar med 15,4%, og gebyret for vatn aukar med 4,2%. Årsaka til gebyrauken er generell rente- og prisvekst, og at kommunen har investert mykje i betre infrastruktur.

Kommunen har satsa mykje på digitalisering dei siste åra. Kommunen meiner å ha god overvaking av VA-infrastrukturen, og raskt få melding ved feil, og at dei har god kontroll med investeringar.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier særskilt risiko knytt til drift, gebyr og sjølvkost.

7.2. Kommunale vegar

Kommunen har mynde og forvaltnings- og vedlikehaldsansvar for kommunale vegar og gang- og sykkelstiar. Dette inneber at kommunen skal halde vegane opne for offentleg ferdsel, ved mellom anna å planleggje og gjennomføre vedlikehald, godkjenne eventuelt behov for å redusere eller stenge framkomma og drifte vegane med å brøyte snø og strø.

Det var meirforbruk på området i 2023. Det er også planlagt investeringar.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

¹³ Kjelde er notat i vedlegg til budsjettet, kommunestyresak 106/2023
Vestfold og Telemark revisjon IKS

7.3. Egedomsforvaltning

Kommunale egedommar har stor verdi. God egedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi tilsette og tenestemottakarar gode og effektive bygningar til lågast mogleg kostnad. Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og tiltak som sikrar gode avgjerdsgrunnlag.

Kommunen skal investere ca 14,5 mill kr til ulike oppgraderingar, nybygg, varig utstyr m.m. Det er som regel risiko knytt til kommunale investeringsprosjekt, og konsekvensane kan bli store. Det kan vere risiko på fleire trinn i prosessane, planlegging og saksutgreiing, val av løysing, kostnadsramme, anskaffingsprosess, prosjektstyring, kontraktsoppfølging og overtaking. Kommunen bør ha klare mynde- og ansvarsforhold og tiltak for å sikre gode prosessar både i planlegginga og gjennomføringa av investeringsprosjekt. Formannskapet er nyleg etablert som byggenemnd.

Det var forvaltningsrevisjon av egedomsforvaltninga i 2021. Det var tilrådingar mellom anna om å få oversikt over den kommunale bygningsmassen, etablere mål, strategi og planar for egedomsforvaltninga, sikre rapportering om status og vedlikehaldskostnader (betre styringsgrunnlag).

Vurdering

Det er kjend risiko knytt til etterslep på vedlikehald og tilrådingane som var gitt i 2021, men vi har ikkje informasjon som tilseier at ein prioriterer forvaltningsrevisjon av egedomsforvaltninga no.

7.4. Renovasjon og brannvern

Renovasjon

Kommunen skal sørge for innsamling av hushaldsavfall. For å oppnå betre ressursutnytting av avfall, verne miljøet og redusere klimagassutslepp er det krav om sortering og sorteringsgrad med ulike fristar for ulike avfallsfraksjonar, t.d. 50% av matavfallet skal vere sortert ut innan 2025. Kommunen skal ha kunnskap om og dokumentasjon på oppnådd utsorteringsdel per år, og dessutan oversikt over årleg mengd matavfall, park- og hageavfall og plastavfall som er utsortert og levert til materialgjenvinning. Kommunen må sørge for gode system og tiltak for å vareta desse krava.

Handteringa til kommunen av hushaldsavfall skal finansierast gjennom eit avfallsgebyr, som blir fastsett på grunnlag av sjølvkostprinsippet.

Hushaldsavfall pr innbygger i Kviteseid er ifølgje Kostra 369 kg pr år. Det er på nivå med gjennomsnittet for innbyggerane i landet utanom Oslo (367 kg) og lågare enn for innbyggerane i Kostra-gruppe 4 (470 kg).

Frå 2023 blei det innført kjeldesortering for fritidsbustader i kommunane. Andelen av avfallet om blir levert til materialgjenvinning (inkl. biologisk behandling) er litt lågare i Kviteseid enn i kommunane vi samanliknar med.

Ifølgje tal frå Kostra var årsgebyret for avfallstenesta i 2023 kr 2 920 for innbyggjarane i Kviteseid. Gjennomsnittet i landet utanom Oslo var kr 3 557 og i Kostra-gruppe 4 kr 3 353.

Renovasjonsselskapet Renovest IKS sørger for handtering av hushaldsavfallet og slamtømming i kommunane Vinje, Fyresdal, Seljord, Tokke og Kviteseid. Selskapet har hovudkontor i Kviteseid. Renovest tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet. Sjå også kap. 9.2 om Renovest IKS.

Renovest tek også i mot næringsavfall frå kommunane og private. Inntekter og utgifter knytt til handtering av næringsavfallet skal skiljast frå inntekter og utgifter knytt til handtering av hushaldsavfallet.

Det var forvaltningsrevisjon av sjølvkost i 2019.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at det er særskilt risiko på dette området.

Brannvern

Kommunen pliktar å sørgje for etablering og drift av eit brannvesen. Oppgåvene til brannvesenet er å sørgje for beredskap ved brann og å drive førebyggjande arbeid.

Det førebyggjande brannvernarbeidet inneber m.a. kartlegging av brannobjekt og utsette grupper, og dessutan tilsyn og feiing av fyringsanlegg i bygningar, inkludert fritidsbustader.

Kommunen kan ta gebyr for tilsyn og feiing. Gebyret skal fastsetjast etter sjølvkostprinsippet.

Brannvern og branntilsyn i Kviteseid kommune er organisert som eit interkommunalt selskap (Vest-Telemark brannvern IKS) saman med kommunane Vinje, Seljord, Tokke, Nissedal og Kviteseid. Sjå også kap. 9.2.

Det var forvaltningsrevisjon av sjølvkost i 2017 og 2019.

Vurdering

Vi har ikkje informasjon som tilseier at et er særskilt risiko på dette området.

8. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

8.1. Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ein kontroll av om kommunen utøver sitt eigarskap i selskap i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for god eigarstyring.

Eigarskapskontroll gjeld for eigarstyringa av interkommunalt selskap (IKS), aksjeselskap (AS), samvirke (SA), og for interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO) når desse er sjølvstendige rettssubjekt.¹⁴

Eigarskapskontroll skal utførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Nokre eigarskapskontrollar blir gjort i kombinasjon med forvaltningsrevisjon i selskapet.

Eigarskap og eigarstyring i Kviteseid

Ifølgje kommunelova skal alle kommunar ha vedtatt ei eigarskapsmelding innan utgangen av 2023. Eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine eigarstyringsprinsipp, oversikt over kva selskap og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og ein omtale av kva som er kommunen sitt formål med eigarinteressene.

Vi kan ikkje sjå at kommunestyret i Kviteseid har handsama eigarskapsmelding i perioden 2020-2023. I forslaget til felles klimaplan for Vest-Telemark er det mål og tiltak som rettar seg mot selskap og interkommunale ordningar, til dømes Renovest.

Kviteseid kommune eig fleire selskap, både åleine, saman med andre kommunar og saman med private aktørar.

Det var ikkje eigarskapskontroll i Kviteseid i førre periode.

Ordførar meiner det er uklart korleis styringslinene i høve selskapa og styret i selskapa er, og at det er vanskeleg å ha oversikt over valkomitear og styrevalprosessar.

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap og andre samarbeidsordningar, går fram av kap. 8.3 om forvaltningsrevisjon i selskap og vedlegg 1.

Vurdering

Det er forskjellige utfordringar knytt til eigarstyringa av ulike organisasjonsformer og eigarkonstellasjonar. Det er generelt risiko for at eigarstyring ikkje får tilstrekkeleg merksemd i folkevaldopplæringa, at politisk nivå ikkje får god nok informasjon om selskapa, og at eigarsaker

¹⁴ Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap kan organiserast både som sjølvstendig rettssubjekt og som ein del av kommunen. Desse inngår i eigarskapskontroll når dei er sjølvstendige rettssubjekt. her.

ikkje blir godt nok førebudde og avklarte politisk før møte i eigarorgana. Vi meiner det er risiko knytt til eigarstyringa i Kviteseid.

Vi vil tilrå ein generell eigarskapskontroll der vi kan sjå korleis kommunen arbeider med eigarstyring, og måle dette opp mot lovverk og anerkjende tilrådingar om eigarstyring. Kommunen har ikkje konkrete planar om å utarbeide eigarskapsmelding. Kontrollen bør difor kome tidleg i perioden, slik at den kan vere til hjelp i utarbeidinga av eigarskapsmelding.

Selskapa bør veljast ut i samband med kontrollutvalet si bestilling av ein slik eigarskapskontroll, og vi tenkjer at Kvito AS kan vere særleg aktuelt, ut frå eigarandel og dei innspela vi har fått frå kontrollutvalet. Utvalet av selskap bør elles sikre ei god samansetning av selskapsform og eigarfordeling, for å få eit breitt bilete av praksisen for eigarstyring, og dermed relevante innspel til utarbeiding av eigarskapsmelding.

8.2. Forvaltningsrevisjon i selskap

Planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal også omhandle eventuell forvaltningsrevisjon i selskap.

Prioriteringa av forvaltningsrevisjon i selskap (kva kontrollutvalet vurderer som vesentleg) er som regel avhengig av kommunen sin eigardel, organisasjonsform, verksemda i selskapet, betydning for kommunen, storleiken på selskapet og den økonomiske situasjonen. Ein eigarskapskontroll kan også avdekke behov for forvaltningsrevisjon av selskap.

Ut frå eit kost/nytte-perspektiv har vi innhenta avgrensa informasjon om selskapa. Vi har derfor berre vurdert generell risiko. Det vil seie at vi angir kva som *kan* vere risiko, ikkje at det faktisk *er* risiko.

Vurdering

Det kan generelt vere risiko for at selskapa ikkje oppfyller lovkrav eller målsetjingar knytt til selskapsforma og/eller kjerneverksemda, t.d. kvalitetskrav til tenestene. Forvaltningsrevisjon av kjerneverksemda er mest aktuelt for selskap som skal utføre lovpålagde kommunale oppgåver eller sentrale innbyggjarretta tenester. Frå kontrollutvalet har vi fått innspel om å sjå på KVITO AS.

Tema som også kan vere aktuelle, er selskapsdrifta, etterleving av selskapsregelverk og relevante retningslinjer frå eigarstyringa (selskapsstyring), t.d. reglar om styreansvar og dokumentasjon, reglar og retningslinjer om berekraft og anna samfunnsansvar, personvern, HMS, miljøkrav, anskaffingar, offentleg støtte, korrupsjonsførebygging, etikk og varsling. Vidare kan økonomistyring og rapportering vera risikoområde. For konsern er organisering og eigarstyring av dotterselskap også eit aktuelt tema.

Forvaltningsrevisjon i selskap med fleire eigarar bør gjennomførast for eigarane i fellesskap.

Kontrollutvalet/revisor har ikkje innsynsrett i selskap med private og statlege medeigarar. Vi legg til grunn at det er mindre aktuelt med forvaltningsrevisjon i selskap med private medeigarar, og har derfor ikkje beskrive risiko der. Manglande innsynsrett er ein risiko i seg sjølv, og desse selskapa er sjølvstakt aktuelle å ta med i utvalet til ein eventuell eigarskapskontroll.

Kommunen sine selskap

I tabellane på dei neste sidene har vi sortert selskapa etter organisering:

- selskap der kontrollutvalet har innsynsrett
- selskap der det også er private eigarar, slik at kontrollutvalet ikkje har innsynsrett

Kontrollutvalet har spela inn Kvito AS og Vest-Telemark PPT IKS. Vest-Telemark PPT er vurdert i pkt. 6.4. Vi har elles ikkje prioritert mellom risiko i selskapa.

Vedlegg 1: Oversikt over selskap

Selskap der kontrollutvalet har innsynsrett

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA)	Drift av arkiv	1,1%	Mange kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark (Kongsberg)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Vest-Telemark Pedagogisk Psykologis Teneste IKS	PP-teneste – sakkunnige vurderingar, systemretta arbeid for barnehage og skule.	18%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, drift, selskapsstyring. Innspel frå kontrollutvalet i førre valperiode. Sjå pkt. 6.4.
Konsesjonskraftstyret i Telemark KO	Konsesjonskraftomsetjing	11,11%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Fylkeskommunen/Skien)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring, avkasting.
Kraftkompetanse KO	Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvaltning av natur-resursar	5%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Renovest IKS	Renovasjon	19,5%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal (Kviteseid)	Risiko knytt til måloppnåing, renovasjonsordning, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark brannvesen IKS	Brann og redning, tilsyn	18%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Tokke)	Risiko knytt til måloppnåing, drift og selskapsstyring.
Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR)	Regionalt distriktspolitisk samarbeidsorgan	Etter folketal	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal (Kviteseid)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.

Selskap	Selskapet sitt formål	Eigardel	Deltakarar/ kontorkommune	Vurdering av generell risiko
				Registrert som § 27-selskap i Brønnøysundregisteret
Vest-Telemark kraftlag Holding AS Har tre dotterselskap.	Eige dotterselskap innan energi, tenestyrting -merkantile tenester til dotterselskap.	19%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal og Nissedal (Høydalsmo/Tokke)	Risiko knytt til konsernstyring og drift, og til informasjon om verksemda og risiko i dotterselskapa.
Kraftkompetanse KO	Regionalt kompetansesenter for saker om kraft og forvaltning av natur-resursar	5,0%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Fyresdal, Nissedal, Tinn, Hjartdal og Telemark fylkeskommune (Vinje)	Risiko knytt til drift og selskapsstyring.
Kvito AS	Tiltaksarrangør, varig tilrettelagt arbeid	21,78%	Vinje, Kviteseid, Tokke, Nissedal (Vinje)	Risiko knytt til måloppnåing, økonomi, ordinær drift, selskapsstyring og konsernstyring.
Sør-Øst 110 AS	Ivareta lovpålagde plikter om naudmeldesentralar.	0,4%	Mange kommunar	Risiko knytt til drift og selskapsstyring. Pulverisering av eigarstyring.
Vestfold og Telemark revisjon IKS	Revisjonstenester til eigarkommunane mm	1,7%	Telemark fylkeskommune, Vestfold fylkeskommune og alle kommunane i Vestfold og Telemark. (Skien)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet.
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS (Vetaks)	Sekretariatstenester til kontrollutval	1,2%	Telemark, Vestfold og Agder fylkeskommune, alle kommunane i Vestfold og Telemark unntatt Skien, fleire kommunar i Agder. (Bø/Midt-Telemark)	Risiko ikkje vurdert – VTR er ikkje uavhengig til å vurdere dette selskapet

Selskap der kontrollutvalet ikkje har innsynsrett¹⁵

Selskap	Selskapet sitt formål	Kommunen sin eigardel	Deltakarar
Vest-Telemark næringsbygg AS Dotterselskap	Styrking og vidareutvikling av næringslivet i regionen	15,21%	Vinje, Tokke, Kviteseid, Seljord, Nissedal, Fyresdal, Hjartdal, private (Kviteseid)
Skien Dalen Skipsselskap AS	Drive turisttrafikk i Telemarksvassdraget.	8,2 %	Skien (kontorkommune) Nome, Kviteseid, Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal, Telemark fylkeskommune, fleire private reiselivsaktørar
Vest-Telemark blad AS	Avis	6,33%	Kommunane i Vest-Telemark, private
E134 Haukelivegen AS	Arbeide for vegutbygging	2,2%	Mange kommunar og fylkeskommunen, private (Vinje)

¹⁵ Selskap med private eller statlege medeigarar.

Vedlegg 2: Anna interkommunalt samarbeid – ikkje sjølvstendige rettssubjekt

Namn	Formål	Organisasjonsform	Deltakarar	Kontor/ vertskommune
Telemark innkjøpsamarbeid KO	Etablering av felles rammeavtalar for vare- og tenestekjøp. Gjennomføre innkjøpsprosessar i samarbeid med deltakarkommunane.	Kommunalt oppgåvefellesskap	Kviteseid, Nissedal, Nome, Midt-Telemark, Seljord, Vinje og Tokke	Midt-Telemark
KO for klima- og miljøberedskap (IUA)	Felles beredskap mot akutt forureining	Kommunalt oppgåvefellesskap	Alle kommunane i Telemark	Porsgrunn (v/ GBR)
Barnevernsvakt i Telemark	Barnevernsvakt	Vertskommune	Alle kommunane i Telemark	Skien
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Barnevernteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Kviteseid
NAV – Vest-Telemark	Sosialteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Tokke
Interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark	Psykologteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Rask psykisk helsehjelp	Helseteneste	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Seljord
Vest-Telemark driftssenter	IT-drift	Vertskommunesamarbeid	Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje	Vinje
Telemarkskanalen regionalpark	Reiseliv, regionalutvikling	Kommunalt oppgåvefellesskap	Skien, Notodden, Nome, Midt-Telemark, Kviteseid, Tokke	Telemark fylkeskommune
Krisesenteret i Telemark	Krisesenter	Vertskommune	Alle kommunane i Telemark	Skien
Alarmsentralen i Telemark	Alarm- og responscenter	Vertskommune	Skien, Siljan, Bamble, Drangedal, Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje	Skien
Plan- og byggesak	Oppgåver etter plan- og bygningslova	Vertskommune	Nissedal, Kviteseid	Nissedal



På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er utarbeidet av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

24: 4028 400